



LINDÅS KOMMUNE
SOSIALTENESTA

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 200400403	Doknr.: 48
Arkivkode: 416.9	Dato: 27.10.04
Avd.: SAP	Saksbeh.:
U.off.: 	

Arbeids og Sosialdepartementet

postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
03/02320-11

Sakshandsamar:
May Hundvin

Direkte tlf:
56 35 66 00

Arkivkode:
020

Dato:
25.10.2004

HØYRINGSFRÅSEGN NOU 2004:13: "EN NY ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING "

INNLEIING:

Den norske velferdsforvaltninga er mogen for reformer. Talet på personar som lever av trygdeytingar aukar mot eit nivå som landet vårt ikkje kan tåle. Arbeidslivet treng arbeidstakarar, og tilknytning til arbeidslivet er mellom dei viktigaste faktorane når det gjeld inntekt, fysisk og psykisk helse, levealder o.a. for enkeltmennesket. Dette er grundig dokumenter m.a. gjennom ei rekkje stortingsmeldingar og offentlege utgreiingar. Det er såleis alt å vinne på at flest muleg av borgarane er i arbeid, noko som det er brei politisk semje om gjennom arbeidslina.

Det er i tillegg dokumentert at dei brukarane av offentlege tenester som treng samordna innsats frå fleire hjelpeinstansar risikerer å bli kasteballar mellom etatar og hjelpenivå. Funksjonshemma blir i for liten grad inkludert i arbeidslivet. Trass i statleg satsing og fokus aukar fattigdomsproblematikken, og i kommunane ser vi at stadig fleire av statlege ytingar blir så knappe at brukarane er varig avhengig av kommunal sosial støtte for å ha tilstrekkeleg til sitt livsopphald. Det er eit problem at ei rekkje born veks opp i familiar med vesentleg dårlegare levestandard enn snittet.

Stortinget har såleis bedt regjeringa om å greie ut ein felles samordna velferdsmodell, og innstillinga ligg no føre i NOU 2004:13 med høyringsfrist 01.11.2004.

RATTSØUTVALET SI INNSTILLING. KOMMENTARAR:

Rattsøutvalet drøftar 4 ulike organisasjonsformer for ei framtidig velferdsorganisering. Innstillinga frå utvalet seier at vi skal ha same tal på hjelpeinstansar som før - to statlege og ein kommunal - der kommunane og sosialtenesta skal ha same oppgåver som tidlegare, medan oppgåvene som no ligg i trygd og aetat blir omfordelte. Det skal etablerast ein statleg pensjonsetat som skal ta seg av dei store, tunge trygdene, og ein statleg etat for arbeid og inntekt som skal ha oppgåver ovanfor arbeidssøklarar og arbeidsliv. Nytt er at det skal

Postadresse
Postboks 55, 5902
Isdalstø

Besøksadresse
Kvernhusaugane 2, Knarvik
senter

Telefon
56 35 66 60

Telefaks

Konto
7413 05 01005

Organisasjonsnr.
935 084 733

1st/2nd/3rd/4th/5th/6th/7th/8th/9th/10th/11th/12th

NAME

DATE

SUBJECT

etablerast ein arbeidssøkjjarstønad som skal femne om dei som ikkje har rettar, men som kan søkje arbeid. Stønaden skal vere tidsavgrensa. I tillegg blir det tilrådd at dei kommunale sosialkontora og etat for arbeid og inntekt skal samlokalisierast.

Rattsøutvalet si innstilling gir såleis ikkje svar på spørsmålet som Stortinget har stilt Bondevikregjeringa for andre gang – å greie ut ein modell for ein felles samordna velferdsetat.

Dersom det viktigaste målet er å stoppe den utfasinga som skjer av vanlege arbeidstakarar frå arbeidsliv og over til varige trygder raskast mulig, så kan dette framlegget til reformer vere ein veg å gå. Etaten for arbeid og inntekt kan rå over så breie virkemidlar at dei kan nå dei som er i ferd med å starte løpet mot uførepensjon via lange sjukemeldingar, rehabilitering og attføring. Men ein framtidig organisasjonsmodell som er prega av splitting av ansvar og oppgåver mellom fleire instansar løyser ikkje dei grunnleggjande manglane ved noverande velferdsorganisering. Ein svarar ikkje på spørsmålet om gråsoneproblematikk. Heller ikkje svarar ein på spørsmål om anstendig inntektssikring. Tvert imot sementerer ein livssituasjonen til dei svakaste i samfunnet, dei som treng lange, omfattande og tverrfaglege habiliteringsløp, og såleis verken har inngang til arbeidssøkjjarstønad eller kjem i mål innan normert tid. Det kan hevdast at dette er å ta steg mot ein kommunal fattigkasse.

Det er derfor grunnlag for å sei at det må kan vere andre organiseringsmodellar og reformer som kan stoppe på dei galopperande utgiftene til trygd, og som samstundes kan gi eit organisatorisk grunnlag for å nå andre hovudmål for velferdsreformene: Ei dør, nærleik til brukarane, heilskaplege verkemidlar.

STAT ELLER KOMMUNE?

Professor Risa ved UiB og medlem av Rattsøutvalet, hevda i sin presentasjon av innstillinga (v/fylkesmannen sin konferanse om NOU'en i Bergen den 28.09.04) at ein hovudgrunn til å velje ein statleg modell for sikring av arbeidslina var at kommunane ikkje har tilstrekkeleg evne til å bere/sikre økonomien for så vesentlege velferdsordningar som ligg i pensjonssystemet. Hadde kommuneiningane vore større kunne det vore meir tilrådeleg å legge førstelinja til kommune istadenfor til ein statleg etat. Fylkestyrgdesjefen i Hordaland viste til at dei som statskontor allereie var representerte i alle kommunar.

Til desse grunngevingane må det seiast at statsetatane gjennom mange år hatt arbeidslina som hovudmål, utan at ein har sett at dette har ført fram. Samstundes ser vi at trygdeetaten har jobba i fleire år med modellar for å sikre breidden i tilbodet på dei små kontora, utan at denne organiseringa har funne tenlege former.

Kommunestrukturen står under endring, og mange kommunar har omfattande samarbeid der dei finn det tenleg sett i høve til oppgåvene dei skal løyse. Lokalt ser vi at kommunane i Nordhordland arbeider tett saman om løysing på mange oppgåver. Å la noverande kommunegrenser bli nytta som tungt argument for val av statleg førsteline framfor kommunal organisering, byggjer på eit lite moderne utgangspunkt. Det må også kunne tenkjast at staten framleis har dei tunge og alminnelege trygdene og pensjonane i eigen pensjonsetat, og legg dei meir arbeidsretta tiltaka på kommunalnivå, slik ein til dømes ser i Danmark som nyleg har gjennomført ei velferdsreform.

Lindås kommune vil derfor vise til KS sine kommentarar til Rattsøutvalet sitt arbeid, og vil i all hovudsak slutte seg til dei grunngitte vurderingar, tilrådingar og konklusjonar som blir presenterte i heftet »SATS på kommunene».


Her bli det tilrådd eit to –nivå system med statlege pensjonar og kommunalt ansvar for dei arbeidsretta tiltaka. Stor/små- kommuneproblematikken blir foreslått løyst gjennom at fleire kommunar går saman om ressursentra for å ivareta større oppgåver.


Mellom dei viktigaste fordelane KS påpeikar ved å tenkje kommune som førstelinje er lokal kjennskap og forankring, lokaldemokrati, og mulighet for tilpassa fleksible og individuelle løysingar framfor meir regelstyrte statleg ordningar. Ein får kommunalt fokus og ansvar for samarbeid med næringsliv og utvikling av arbeidsplassar, både for arbeidsføre og dei som treng habilitering/rehabilitering.

Men i tillegg vil ein også understreke kor viktig det er at det er eit nivå som legg tilrette for heile breidda av virkemidlar for dei som treng samordna innsats, så som helsetenester, omsorg og pleie-tenester, bustad, vaksenopplæring. Det blir ingen gevinstar å hente ved å formidle brukarar til andre system – førstelina »eig problemet» og må finne løysingane. Individuell plan er i dag lovfesta i kommunalt lovverk. Individuell plan er eit virkemiddel tilpassa dei som treng samordna hjelp.

Ein vil også påpeike at kommunen etterkvart gjennom statlege reformer har utvikla eit breitt spekter av tenester for dei mest krevjande brukarane: Eldre og sjuke får avansert og omfattande pleie og behandling, ansvar for fysisk og psykisk funksjonshemma ligg i førstelina, likeeins for rus og psykiatri. Behandling og institusjonar er berre kortvarige supplement til dei varige kommunale oppgåvene. Å organisere tenester med brukaren sine behov i fokus og ikkje ut frå ansvarsområde og etatar, kan best ivaretakast i kommunane. Då vil ein ha lokal politisk styring med bakgrunn i statlege føringar og lovverk, kontroll og tilsyn, gitt at kommunane får tilstrekkelege overføringar til at ein kan løyse dei oppgåvene ein er pålagt.

Med helsing


Henrik Flatøy
rådmann


May Hundvin
sosialsjef